

Referat frå FAU-møte 9.4.2018

Tid: Kl. 18.00-19.30. Stad: Kantina på skulen.

Tilstades: Kristine Lunde, Monica Th. Waage, Elin Gaulen, Eli Sletten Solsvik, Kristin Tredal, Charlotte Grøtveit Olsen, Maria Ones

Godkjenning av saksliste.

Ingen merknader.

Gjennomgang av referatet frå sist møte.

Ingen merknader.

8/18: Oppsummering og evaluering av foreldrestyrt dag og karneval.

Foreldrestyrt dag gjekk veldig fint, litt dyrt med buss men denne løysinga krevde minimalt med planlegging.

Karneval: Me ser i etterkant at det blei litt misforståingar med tanke på kven som skulle ta leiaransvar i dei forskjellige klassetrinna når det gjaldt organiseringa i forkant. Neste gong må dette tydeligare informerast om. Blei og litt døtid for elevane når SSM skulle rigge opp og ned. Men alt i alt ein vellykka kveld.

9/18: Lavvo og bål plass bak butikken.

Vidar kallar i samarbeid med Bent Arne Rognaldsen inn til dugnad . Det skal gravast ltt drenering rundt lavoen, lavoen skal vaskast og impringnerast og det skal lagast litt meire benkeplass rundt ei grua.

10/18: Takplater for lydisolering i kantina.

Platene er komt og Bent Arne Rognaldsen kallar inn til dugnad i veke 16-17. Mulig han og faren hans gjer dugnaden sjølv. Styret og FAU har delt på utgiftene til desse takplatene.

11/18: Sommerfest.

1. 3. 5. og 7.kl har ansvar for planlegging/gjennomføringa. Vi har lotteri denne dagen, og alle foreldra har med seg tapas eller lignande. Satsar på ute arrangement. Fau heldt saft og gevinstar.

Me kom fram til at **13. juni kl 17:00** vil være ein bra dag.

Me snakka også om me skal kjøpe inn noko å overrekke elevrådet på dagen. Monica informerer om at akkurat no er det ikkje nokre konkrete ønsker, mulig eit vaffeljern e.l. til bruk på bål.

Meir detaljer planlegging gjer me på neste møte, som er i mai.

Anna/info:

- 6.klasse foreldra skal arrangere avslutningsfest for 7.klasse. I fjor dekkja elevane på borda på skulen, lagde mat og ordna til. Foreldra kom og serverte og hadde med seg dessert. Tysdag 12.juni er ein aktuell dato. 7.klasseforeldra seier frå kva dei bestemmer seg for.
- Lindås FAU jobbar med å arrangere ein dag/ettermiddag/kveld med foredragshaldar og motivator Marco Elsafadis, ein gong til hausten, muleg veke 36. Dette vil være eit samarbeidsprosjekt mellom Fau på Lindås barneskule og ungdomsskule, Myking og Skodvin. Detaljane er ikkje heilt på plass, men det er ynskjelig at både foreldra og dei eldste

klassetrinna skal få være med på dette. Me har gitt tilbakemelding om at me kan betale maks 5000,- av den totale rekninga på 45000,-. 10 000 er allereie sponsa av eit firma.

- Bursdagsfeiringar. Så langt det er mulig for foreldra så oppfordrar FAU til billige og enkle bursdagsfeiringar. Minner også om å ha fokus på inkludering når ein inviterer.
- Busskort: Skyss har blitt strengare når det gjeld at elevane på dei store bussane må ha busskort. Dette må me foreldre verte flinkare å passe på.
- Det er fortsatt ikkje plass til ekstra elevar (besøk) på småbussane.
- Filmar/spel med for høg aldersgrense. Ungane våre er forskjellige med tanke på korleis dei reagerar på filmar/spel med voldelig/skummelt innhald. Fau oppfordrar foreldra til å alltid være bevisst på dette når ein har andre ungar på besøk. Prat med kvarandre :)
- FAU sponsar elevane med 5000 kr til ein ekskursjon til Bergen i vår.

Skrivar: Vidar Gjerstad

Neste møte er satt til 28.mai, det siste i år.